



Statens vegvesen

Sigrid-Marthe Kleppevik
Øvre Råtræet 47
5239 RÅDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/124831-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.09.2016

Svar – Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse/dispensasjon frå byggegrensing – Einebustad – Rv. 555 – Gnr. 11 bnr. 53 – Sund kommune

Vi viser til kontakt pr. telefon og til brev i frå Dykk av 15.08.16 med søknad om dispensasjon frå byggegrensing for bustad og søknad om utvida bruk av avkøyrsløse på Fv 555 frå gbnr 11/53 i Sund kommune.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at retningslinjer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivareteken i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport.

Vi gjer merksam på at det er trafikale utfordringar både når det gjeld byggegrensing til Fv 555 og tilkomst til Fv 555 i området.

Dispensasjon frå byggegrensing for einebustad

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensinga til Fv 555 for etablering av einebustad 20 meter frå senterline av fylkesvegen. Fv 555 har ei byggegrensing på 50 meter, jf. § 29 i Veglova. Slik vi forstår det står det i dag ei eldre hytte / fritidsbustad på den aktuelle tomte, då med ein distanse på 20 meter til senterlina av Fv 555.

Byggegrensinga til fylkesvegen har mellom anna som oppgåve å sikre gode butilhøve. Ei stadig utfordring er dei negative verknadane av biltrafikken slik som støy og støv. Statens vegvesen er stadig i kontakt med folk som opplever dette som ei utfordring. Vanlege symptom på desse utfordringane er migrane, høgt blodtrykk, konsentrasjon og søvnnvanskar, samt luftvegsproblem. I tillegg tek byggegrensinga opp i seg dette med trafiktryggleik. Ofte er born og unge sin leik og aktivitet knytt til områda mellom bustad og offentleg veg. For den aktuelle eigeiendomen ser vi å kunne akseptere ei byggegrensing på minimum 30 meter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Avkøyrsla

Søknaden legg opp til etablering av veg over gbnr 11/66 og tilkomst til Fv 555 saman med denne. Statens vegvesen har tidlegare i år handsama søknad frå eigar av gbnr 11/66 om tilkomst til Fv 555 frå gbnr 11/66 for fritidseigedomar. Vi har gjort det klart at avkøyrsla har fleire tekniske manglar, slik som manglande sikt i retning Kleppe, manglande svingradius og manglar når det gjeld helling og drenering. Avkøyrsla må oppgraderast før løyve kan utstedast. Vi ber om at ein vurderer dette og eventuelt vurdere tilkomst til FV 555 i nord, der vi ser at avkøyrsla i hovudsak stettar Vegnormalen sine krav.

Vi vil peike på omsynet til mjuke trafikantar med tanke på gange til og frå busshaldeplass og moglegheit for sykling og gange til skule, barnehage og fritidsaktivitetar. Bustadområdet ligg mindre gunstig til med tanke på kryssing av Fv 555 til busshaldeplass og for å ta seg over til gang og sykkelvegen, særleg gjeld dette omsøkte avkøyrsepunkt. Statens vegvesen har ikkje planar om å leggje til rette for kryssing i dette området i åra som kjem.

Vi oppfordrar til at ovannemnde informasjon vert vurdert i høve Dykkar planar på staden. Vi ber om tilbakemelding på om ein ønskjer å endre planane i samsvar med ny informasjon i frå oss, eller om ein ønskjer å oppretthalde søknaden slik han no ligg føre.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Bødal Sigmund
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG